



Til
Det konglege Olje- og Energidepartementet
Attn. Olje- og Energiministar Terje Riis Johansen
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

**Høyringsuttale til Rapport frå sjøkabelutgreiingane.
Dagsett 1. februar 2011.**

Viser til brev frå OED av 28.01.2011 dykkar referanse 10/01311-15, presentasjon på Gardermoen 01.02.2011 og høyringsmøte i Bergen 10.02.2011. Høyringsfristen vart sett til 21.02.2011.

Hardangerrådet iks er Regionråd for dei 7 Hardangerkommunane-/herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Hardangerrådet har fått dei 4 Sjøkabelutvala si utgreiing til høyring og drøfta utvalsrapportane i Hardangerrådsmøtet 17.02.2011.

Vedlagt ligg den samrøystes vedtekne høyringsuttalen frå Hardangerrådet.

Kinsarvik 18.02.2011

Leiv Vambheim
Dagleg leiar.

Kopi til kommunane/herada i Hardangerrådet
Kopi til Hordaland Fylkeskommune v/Fylkesordførar.



Hardangerrådet iks



Hardanger

Høyringsuttale til Rapport frå sjøkabelutgreiingane. Dagsett 1. februar 2011.

Følgjande uttale vart samrøystes vedteke i Hardangerrådet iks i Rådsmøte 17.februar 2011:

Hardangerrådet seier seg nøgd med at Regjeringa engasjerte fire ekspertutval for å utgreie ulike sider ved etablering av ny overføringslinje for kraft frå Eidfjord til Samnanger. Når dei fire rapportane no er lagt fram, er det viktig at kommunane og Regjeringa tek seg tid til å handsame konklusjonane i desse.

Hardangerrådet merkar seg at rapportane framhevar at straumsituasjonen til Bergensregionen er utfordrande men ikkje kritisk, dei næraste åra, om den alt planlagde utvidinga av linekapasiteten til regionen vert realisert. Det er såleis ikkje noko sjølvstendig argument imot sjøkabel i Hardangerfjorden at denne vil vere i drift først i 2018.

Utval IV konkluderer slik:

”Situasjonen på kort sikt er ikke så alvorlig at det ikke er mulig å vente med den konsesjonsgitte linjen mellom Sima og Samnanger. Dermed er det relevant å diskutere alternative løsninger...” og ”Situasjonen over Bergenssnittet påvirkes ikke av en ny linje.”

Utval III konkluderer slik:

”Dersom linjen Modalen-Mongstad-Kollsnes er på plass innen 2016 og Energiverket på Mongstad kommer i full drift fra 2015, vil forsynings sikkerheten i BKK-området med stor sannsynlighet være tilfredsstillende det neste tiåret, selv om Sima-Samnanger ikke er på plass fra 2012.”

Hardangerrådet ser framleis at alternativet med sjøkabel er det beste fordi det i størst grad vernar om dei unike natur- og kulturverdiane som er i Hardanger. Det sjølvstendige og berande argumentet mot ein sjøkabel, er og blir den ekstra kostnaden som kabelen vil gje. I tillegg vil eventuelle feil ta lenger tid å få retta opp.

Hardangerrådet ser at ein sjøkabel kan skape presedens når staten seinare skal føre fram straumkablar i andre deler av landet med liknande natur og kultur med høg verdi. Skal deler av desse kablane leggjast i sjø og jord, vil det medføre ein ekstra kostnad stipulert i rapportane på 15 - 30 milliardar i perioden 2011 – 2020.

Desse pengane lyt Regjeringa hente inn gjennom ei robust og rettviss finansieringsordning. I arbeidet med denne er det verdt å minne om at vasskrafta er ein unik nasjonal og internasjonal ressurs, med veksande kommersiell verdi. Nye overføringssystem vil kunne skape store

meirverdiar for nasjonen. Slik sett vil ny overføringskapasitet til Bergensregionen vere ei utgift til inntekts erverv.

Hardangerrådet er vel vitande om at ein sjøkabel reiser ei rad spørsmål av teknisk og praktisk karakter, og ventar, om Regjeringa vel dette alternativet, å verte høyrte når desse spørsmåla vert reiste.

Hardangerrådet vil og minna om at Vestlandsfjordane vart kåra på topp over verdas reisemål både i 2004, 2006 og 2009, og at Fjord Noreg regionen har fått øvste plassering som "verdast mest avheldne ikon-reisemål". I rangeringane er det spesielt evna til å ta vare på den spektakulære og unike naturen, samt sikre eit levande fjordlandskap med busetnad og lokal kultur, som blir framheva som dei viktigaste grunnar for sigeren. Naturen og kulturen i Hardanger er svært viktig for regionen sine vidare utviklingsmoglegheiter, og truleg den største bærebjelken for vår framtidige verdiskaping.

Dersom gjeldande planar for kraftlineframføringa vert realisert, støttar Hardangerrådet dei berørte kommunane sitt syn om at alternative trasèar må vurderast. Hardangerrådet støttar også Kvam herad sitt syn i å få trasèalternativ 3.0 konsesjonshandsama.

Dersom regjeringa, i motstrid til ynskje frå trasèkommunane i Hardanger, vel realisering av i luftspenn så ber Hardangerrådet om at Regjeringa, i samarbeid med dei råka kommunane, gjennomfører ei utgreiing som inneheld tiltak som kan kompensere for ulempene med luftlinje.

Justering av traséval for linjeframføring i luft må også avklarast i dette arbeidet. Ei slik utgreiing av kompenserande tiltak bør liggje føre og vere finansiert av Regjeringa før endeleg avgjerd i saka. Kostnaden med kompenserande tiltak for linjeframføring i luft kan verte vesentleg høgare enn det som til no er varsla av Regjeringa.

Kinsarvik 17.02.2011



Leiv Vambheim

Dagleig leiar